

Kultur- og likestillingsdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
22/80-1/ANLA

Dato
06.02.2022

Høringsfråsegn om NRK-plakaten

Språkrådet viser til høringsbrevet frå Kulturdepartementet (datert 29. november 2021) om NRK-plakaten.

NRK-plakaten inneheld ei rekkje språkpolitiske føresegner og viser det omfattande språkpolitiske oppdraget NRK har som allmennkringkastar.

I fråsegna her peikar vi på korleis føringane i NRK-plakaten best kan medverke til at den norske språkpolitikken blir gjennomført. Språkrådet ber regjeringa ved Kulturdepartementet om å ta stilling til framlegga.

Denne høringsfråsegna frå Språkrådet omhandlar §§ 16, 19, 22, 32, 34, 35 og 50 i NRK-plakaten.

Bakgrunn for framlegga frå Språkrådet

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Regjeringa la i mai 2020 fram Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*¹. Lova vart vedteken av Stortinget våren 2021 og tok til å gjelde 1. januar 2022. I proposisjonen blir måla for språkpolitikken fastsette. Hovudmålet er at norsk skal sikrast som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg.

NRK er omfatta av språklova, jf. § 3 første ledd første punktum bokstav c. Etter definisjonane i lova er NRK både å rekne som «statsorgan», jf. § 2 bokstav c, og «offentleg organ», jf. § 2 bokstav d. Språklova legg ikkje direkte føringar for det redaksjonelle oppdraget til NRK, men ho legg føringar for NRK-plakaten (det publisistiske oppdraget), som igjen legg føringar for NRKs innhaldsproduksjon.

¹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*: [Prop. 108 L \(2019–2020\) \(regjeringa.no\)](https://www.regjeringa.no)

Språkrådet skal føre tilsyn med korleis dei som har plikter etter lova, praktiserer og etterlever rettsreglane, og rettleie om kva som skal til for å fremje og verne dei språka som lova omfattar.

I språklova § 1 heiter det at offentlege organ skal ta eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk, både bokmål og nynorsk, og språkpolitikken skal fremje reell jamstilling mellom dei to skriftspråka. Det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst bruka språket, nynorsk.

Lova seier òg at offentlege organ skal ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk og verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk. I tillegg stadfestar språklova at samiske språk, dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk er likeverdige med norsk *som språklege og kulturelle uttrykk*.

Språklova § 4 seier at norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg, og at bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. Det gjeld både skriftleg og munnleg språkbruk.

NRK er som offentlig allmennkringkastar av dei viktigaste språkaktørane i landet, og spelar dermed ei særleg viktig språkpolitisk rolle. Språkrådet ber derfor om at NRK-plakaten ikkje blir endra slik at krava om høg språkleg kvalitet i NRK blir svekte.

Språkrådet gjer framlegg om endringar og tillegg i paragrafar i plakaten som er særleg språkpolitisk viktige. Endringane og tillegg vil gjere at NRK-plakaten betre speglar språkdelen av samfunnsoppdraget til NRK og føringane i språklova. Framlegga er markerte med understreking.

Merknader til dei einskilde paragrafane

§ 16

Merknad til § 16 andre, tredje og fjerde punktum: En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i folket. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter.

Framlegg om tillegg:

En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i folket. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen og for tegnspråklige. NRK skal styrke kvensk, romani, romanes og norsk tegnspråk og ha programmer for nasjonale minoriteter.

Grunngjeving for framlegget:

Språklova § 1 c seier at offentlege organ skal ta ansvar for å verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

Føresegna er til for å gje enkeltpersonar og ulike språkgrupper *tilgang til språk*.

Det ansvaret det offentlege har for å fremje nasjonale minoritetsspråk, inneber at det offentlege skal setje i verk fleire positive tiltak for å auke bruken av kvensk, romani og

romanes enn dei tiltaka som følgjer direkte av den europeiske regions- og minoritetsspråkpakta.

Vidare går det fram at det å fremje norsk teiknspråk inneber å setje i verk fleire positive tiltak for å sikre tilgang til norsk teiknspråk enn det som følgjer av særlovgjevinga. Norsk teiknspråk skal vernast og fremjast som kulturberar og del av det norske språklege mangfaldet, og i språklova får norsk teiknspråk status som det nasjonale teiknspråket. Teiknspråkbrukarar har rett til å lære, møte og bruke språket sitt.

Språklovsproposisjonen understrekar at språkdimensjonen i kulturlivet og media er like viktig for dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som han er for norsk og alle andre språk. Men for små språk kan offentleg symbolsk og institusjonell støtte vere endå meir avgjerande og medverke til utvikling og anerkjenning av språket og til bruk av språket på fleire arenaer. § 16 i NRK-plakaten må òg tolkast slik at NRK har eit ansvar for å synleggjere desse språka og minoritetane i allmenta.

Merknad til § 16 femte punktum: NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

Språkrådet meiner at NRK bør vere meir medviten om den rolla NRK spelar for grannespråksforståinga i Norden. Grannespråksforståinga i dei skandinaviske landa har dei siste tiåra vorte dårlegare, og engelsk er i ferd med å ta over som samtalspråk når folk frå ulike land i Norden snakkar med kvarandre.

At talesyntesen som overstyrer ikkje-norsk tale i nyhendesendingar på radio (t.d. Dagsrevyen på NRK Nyhende), også omset frå svensk og dansk til norsk, er eit døme på ein praksis som er svært uheldig for grannespråksforståinga.

NRK er ein av få aktørar som eksponerer innbyggjarane for grannespråka våre. Men NRK Super dubbar stadig fleire nordiske produksjonar til norsk. Dermed mistar norske barn ein viktig arena for læring av svensk og dansk.

§ 19

Merknad til § 19: NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold, og minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.

Framlegg om tillegg:

NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold, og minst 25 prosent av det muntlige og skriftlige innholdet skal være på nynorsk.

Grunngjeving for framlegget:

Historisk har innhaldet i radio og fjernsyn vore munnleg, men i dag har NRK sær s mykje skriftleg innhald, både på nettsidene og i teksting av program. Det er dei siste åra gjort eit viktig løft for å få nok nynorsk på nettsidene til NRK. Men teksting av program er førebels ikkje rekna med. Det må difor presiserast at vekslingskravet gjeld alt norskspråkleg innhald, også teksting til norsk.

§ 22

Merknad til § 22 siste punktum: NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.

Framlegg om tillegg:

NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år og for unge mellom 12 og 18 år, jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene og norsk tegnspråk, og programmer for barn og unge på kvensk, romani og romanes.

Grunngjeving for framlegget:

I Medietilsynets undersøking *Barn og medier 2020*² går det fram at over seks av ti norske 9–18-åringar seier det går mest i engelsk når dei ser på YouTube, spelar dataspel og ser på tv, film eller seriar.

Det må byggjast opp eit meir solid og mangfaldig medietilbod på norsk for unge. Det er naudsynt både for å heve statusen til norsk språk i denne aldersgruppa og for å heve sjølvne morsmålskompetansen til dei unge.

Medietilsynets rapport *NRKs bidrag til mediemangfoldet 2021*³ viser til at Kulturdepartementet i Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst*⁴ påpeika at NRKs tilbod skal spegle mangfoldet i befolkninga og appellere til alle aldersgrupper. Departementet skreiv at det er viktig at NRK arbeider for å vere eit relevant medietilbod også for ungdom. I tråd med at norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka har fått lovfesta status, tilrår Språkrådet at også tilbodet til barn og unge på desse språka blir framheva i NRK-plakaten.

§ 32

Merknad til § 32: NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerkulturelt samfunn.

Framlegg om tillegg:

² *Barn og medier 2020*: [200924-delrapport-8-sprak-og-medievaner-barn-og-medier-2020.pdf \(medietilsynet.no\)](#)

³ *NRKs bidrag til mediemangfoldet 2021*: [NRKs bidrag til mediemangfoldet | Medietilsynet](#)

⁴ Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst*: [Meld. St. 38 \(2014–2015\) \(regjeringa.no\)](#)

NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerspråklig og flerkulturelt samfunn.

Grunngeving for framlegget:

Språkrådet meiner at paragrafen må tilpassast slik at han speglar det språklege landskapet i Noreg og den nye språklova. Språklovsproposisjonen legg vekt på at det er eit breitt kulturelt og språkleg mangfald i Noreg i dag, og at det vitnar om eit ope samfunn og eit sterkt demokrati som ikkje berre tolererer, men òg stimulerer mangfald.

Kultur og språk er knytte uløyseleg saman. I språklovsproposisjonen blir det understreka at regjeringa vil føre ein offensiv språkpolitikk for å utvikle og tryggje språk som kulturberar, samfunnsinfrastruktur og uttrykk for identitet. Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida*⁵ (kulturmeldinga) slår fast at språket er den fremste beraren og formidlaren av kultur, historie og identitet, og at eit av dei overordna kulturpolitiske måla er «[e]it fritt og uavhengig kulturliv som [...] styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar». Alle desse språka er del av den felles kulturarven i Noreg, og gjennom kunst og kultur med ulike språklege uttrykk får vi innsikt i kven vi er som folk, og det mangfaldet folket består av.

§ 34

Merknad til § 34: NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år.

Sjå Språkrådets merknader til § 22.

§ 35

Merknad til §35: NRK skal bidra til å fremme nye talenter og lokale artister. Minst 40 pst. av musikken som spilles på NRK P1, P2 og P3 skal være norsk, med vekt på norskspråklig eller norskkomponert musikk. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

Framlegg om nytt tredje punktum:

NRK skal fremme samiskspråklig og samiskkomponert musikk, musikk på nasjonale minoritetsspråk og musikk komponert av nasjonale minoriteter.

Grunngeving for framlegget:

⁵ Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida*: [Meld. St. 8 \(20018–2019\) \(regjeringa.no\)](#)

Språkrådet støt tilrådinga i Medietilsynets rapport *NRKs bidrag til mediemangfoldet* om at det bør takast inn i vedtektene at NRK skal fremje samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar, og at NRK må styrkje tilbodet til nasjonale minoritetar. Språkrådet støt òg tilrådinga om at kravet om 40 prosent norsk musikk bør utvidast til å gjelde fleire kanalar.

§ 50

Merknad til innleiingsteksten til punktlista i § 50: NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

Framlegg om tillegg:

NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder (inkludert tegnspråk), lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

Grunngjeving for framlegget:

Teiknspråk har ikkje skriftspråk og bør derfor òg nemnast når det gjeld NRKs samla tenester på Internett.

Avsluttande kommentarar

Avslutningsvis vil Språkrådet trekkje fram NRK si særleg viktige rolle for norsk språk. Som nasjonal allmennkringkastar med brei oppslutnad hos publikum bidreg NRK til å sikre posisjonen til norsk som nasjonalt hovudspråk, slik det er slått fast i språklova § 4.

Språkrådet minner om at det er viktig å vareta minoritetsspråkperspektivet òg i dei delane av NRK-vedtektene som ikkje har eit språkleg innhald. Til dømes har òg teiknspråklege behov for å få informasjon om nærområda sine når NRK tilbyr innhald frå distrikta, og behov for opplæring når NRK bidreg til utdanning og læring.

Språkrådet oppmodar departementet om å endre NRK-plakaten slik at han speglar dei rettane språkbrukarane har etter den nye språklova.

Vennleg helsing
Åse Wetås
direktør

Lars Ivar Nordal
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kultur- og
likestillingsdepartementet

Postboks 8030 Dep 0030

OSLO